

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Sunnfjord hotell, Førde
Dato: 19.12.2017
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Leiar	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	
Gunhild Berge Stang	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Løken	Iris Loftheim	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 20/2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 6/2017	Orienteringssaker		
ST 21/2017	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å bygge hytte på gamle fjøstuffer på Dalsbøen		2012/1078
ST 22/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - vedtak retningslinjer for droner		2017/1199
ST 23/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - budsjett for 2018		2017/1199
ST 24/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestilling av tiltaksmidlar og ressursar for 2018		2017/3851
ST 25/2017	Eventuelt		

ST 19/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 20/2017 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert.

RS 6/2017 Orienteringssaker

- **Status på besøksstrategi**
- **Status på gjennomførte tiltak i 2017**
- **Vikariering**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/2017	19.12.2017

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om å bygge hytte på gamle fjøstuffer på Dalsbøen

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad om oppføring av hytte på gamle fjøstuffer på Dalsbøen. Det er ikkje heimel til å gje løyve til tiltaket, verken i verneforskrifta eller i naturmangfaldlova.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad og brev frå Audun Rygg gjeldande søknaden
- Søknad, avslag, klage og klagehandsaming gjeldande bygging av fjøs med loft på same staden, frå 2012-2015.
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknad

Audun Rygg søker om å få føre opp hytte på gamle fjøstuffer på sin eigen eigedom på Dalsbøen i Traudalen, Gloppen. Han har ikkje lagt teikningar eller skisser av bygningen ved søknaden, men skriv at han vil bygge ei «vanleg hytte med vanleg utsjånad av godkjende materialar». Rygg ynskjer å få godkjent plasseringa før han planlegg meir detaljert.

Regelverk

Det er i utgangspunktet ikkje tillate å føre opp nye bygningar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til oppføring av nye bygningar til enkelte føremål dersom naudsynte vilkår er til stades. I eit støylsmiljø som Dalsbøen er det to av desse føremåla som kan vere aktuelle:

- *Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift [...].*
Sidan søkjaren ikkje har beitedyr eller anna landbruksdrift i støylsområdet kan ikkje denne heimelen nyttast.
- *Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned [...].*
I dette tilfelle er det snakk om å bygge på gamle fjøstuffer. Der er ikkje andre spor etter den bygningen som ein gong har stått der enn dei gamle tuftene. Det er derfor per definisjon ikkje eit «gammalt stølshus som har ramla ned», men ein stad kor der er spor etter at det har stått ein bygning ein gong.
Denne heimelen er aktuell når ein bygning har ramla ned og skal byggast opp att, ikkje når bygningen som ein gong har stått der er heilt vekke.

Ingen av desse heimlane i verneforskrifta kan nyttast. Søknaden må derfor vurderast opp mot naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd, første alternativ (understreka):

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I saker som skal vurderast opp mot nml §48 må ein først vurdere kor vidt tiltaket oppfyller krava paragrafen slik at heimelen faktisk kan nyttast. Først då kan ein gå vidare og vurdere om det bør gjevast løyve eller ikkje.

Vurdering

Audun Rygg søkte i 2012 om å føre opp fjøs med loft på dei same fjøstuftene. Den søknaden vart etter kvart avslegen av verneområdestyret. Avslaget var grunngjeve i at Rygg ikkje har beitedyr og dermed ikkje driv med landbruksdrift på Dalsbøen, at Rygg har anna bygning på Dalsbøen som heller kan nyttast til «fritidsbruk», samt nokre fleire moment. Avslaget vart klaga på, men Miljødirektoratet avslo klagen og stadfesta verneområdestyret sitt vedtak i 2015.

No søker Rygg om å bygge ei vanleg hytte på same stad. Bygget skal altso ikkje vere knytt til landbruksdrift, men fungere som hytte til fritidsbruk. Bygget vert då mykje lågare enn det som vart avsele i første omgang. Samstundes vert fritidshytter vurdert vesentleg strengare enn bygningar som er naudsynte til landbruksdrift.

Det er fleire moment med denne søknaden som gjer den problematisk i høve verneforskrift, forvaltningsplan og forvaltningspraksis:

- Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til bygningen. Den må derfor vurderast opp mot nml § 48. Den paragrafen skal berre brukast unntaksvis og vurderast strengt.
- Søkjaren vil heller føre opp ein ny bygning i staden for å setje i stand bygning som han allereie har på eigedommen. Det vil auke talet på bygningar, og det er ikkje ynskjeleg at tal på bygningar i verneområdet aukar, jamfør forvaltningsplana. Opprusting av eksisterande bygning vil vere ei betre løysing.
- Søknaden er mangelfull, sidan det ikkje er lagt ved skisser, teikningar eller andre opplysningar om korleis bygningen skal sjå ut. Det er heller ikkje skrivi noko om kva som er føremålet med bygningen, ut over at det er ei hytte.
- Det er søkt om å bygge på gamle fjøstufter, noko som fylkeskommunen si kulturavdeling sterkt rådde i frå i samband med tidlegare søknad.
- Bygningen vil vere i strid med miljørettsprinsippa i nml, både § 10 om samla belastning og § 12 om mest skånsame løysing.
- Å gje løyve til oppføring av ei ny hytte i eit støylsområde på dette grunnlaget vil skape ein sær s uheldig presedens som vil kunne legge føringar for mange liknande saker i framtida.

Landskapsvernområdet er verna mot inngrep som vesentleg kan verke inn på landskapets art og karakter, inkludert hyttebygging. Denne hytta fell ikkje inn under nokon av dispensasjonsheimlane for å gje løyve til nye bygningar. Verneområdeforvaltaren si samla vurdering er at dette tiltaket er i strid med verneverdiane. Vilråa i naturmangfaldlova § 48 er derfor ikkje oppfylt og søknaden må avslåast. Vedtak om avslag er heimla i verneforskrift og naturmangfaldlova.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/2017	19.12.2017

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - vedtak retningslinjer for droner

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek retningslinjer for handsaming av «dronesaker» i tråd med framlegget frå forvaltar.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til retningslinjer for handsaming av «dronesaker» i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Bruk av drone er i utgangspunktet er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal LVO. Drone vert ramma av verneforskrifta § 3 pkt 5.1 og pkt 6.2.

5.1. Motorferdsel er forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter. Forbode gjeld også bruk av modellfly, modellbåt og liknande dersom dei har motor.

6.2. Unødig støy er forbode.

Merk at det er det å lande og å ta av frå bakken som er forbode. Det å fly inn over verneområdet frå utsida er ikkje ulovleg so lenge det er i tråd med anna regelverk for bruk av drone eller skapar unødig støy jamfør pkt 6.2.

Generell dispensasjon

Det er likevel nokre unntak. Det vil vere naturleg å sjå til reglane for motorferdsel i verneområdet dersom det vert naudsynt å bruke drone knytt til visse samfunnsviktige føremål:

5.2. Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a) naudsynt motorferdsel ved militær operativ verksemd, søk og opprydding etter sprenglekamar som ved uhell landar i verneområdet, politi-, ambulanse-, rednings-, brannvern- og oppsynsoppgåver eller gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Til desse føremåla vil det altso gjelde ein generell dispensasjon til bruk av både motorferdsel og drone.

Søknadspliktige føremål

All anna bruk av drone må søkjast om. Sidan det ikkje er få føresegner i verneforskrifta som gjeld bruk av drone, so må dei fleste søknader handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48 (generell dispensasjonsheimel). Denne føresegna skal handsamast strengt og berre brukast unntaksvis.

Unntaket er verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.a): «*øvingskøyning knytt til formål nemnt i punkt 5.2 a)*»

Søknad om bruk av drone i samband med til dømes redningstenesta sine øvingar vil kunne handsamast etter verneforskrifta. Anna bruk av drone må handsamast etter nml § 48.

Verneområdestyret vil i utgangspunktet ha ei restriktiv haldning til bruk av drone i verneområdet.

Dette mellom anna for å verne brukarane av området mot sjenerande støy og uro. Men i nokre tilfelle vil det kunne gjevast dispensasjon til bruk av drone. I kva grad det kan skje kjem fyrst og fremst an på føremålet med dronebruken.

I samband med nokre føremål kan verneområdeforvaltar handsame sakene med delegert mynde frå styret, jamfør delegeringsvedtak ST 34/15. Dette er når søknadane gjeld:

- I samband med beitebruk (til dømes søk etter beitedyr)
- Tilsyn og inspeksjon
- Forsking
- Produksjon av film og bilete som presenterer og fremjar verneverdiane

Andre saker skal leggast fram for styret.

Det vert ikkje gjeve løyve til rein rekreasjonsbruk.

Sakshandsaming

- Bruk av drone må søkjast om på linje med bruk av motorferdsel. Søknader må innehalde opplysningar om føremålet med dronebruken, stad, tidsrom og omfang.
- Verneområdeforvaltar utgreier saka etter verneforskrifta eller naturmangfaldlova § 48, og enten legg saka fram for styret eller fattar vedtak med delegert mynde.
- Søkjarar må søkje i god tid. Løyve på kort varsel, over telefon eller e-post, vert ikkje gjeve.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/2017	19.12.2017

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - budsjett for 2018

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ber om kr 90.000,- til drift av styret og kr 60.000,- til utarbeiding av skjøtselsplanar i 2018.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ber om kr 90.000,- til drift av styret og kr 60.000,- til utarbeiding av skjøtselsplanar i 2018.

Saksutgreiing

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre må sette opp sitt forslag til driftsbudsjett for styret i 2018, samt budsjett over planmidlar. Budsjettforslag og behov for planmidlar skalmedlast inn til Fylkesmannen, som koordinerer og sender inn felles budsjett for alle styra i Sogn og Fjordane.

I 2017 fekk Naustdal-Gjengedal tildelt kr 90.000,- til drift av styret og kr 80.000,- til arbeid med skjøtselsplanar.

Budsjettet for drift av styret er basert på om lag den aktiviteten som styret har hatt siste åra, med fire styremøte for året. Der er og rom for nokre arbeidsmøter, representasjon og synfaring/studietur. Budsjettet har ikkje blitt «brukt opp» i 2017. Dette kjem truleg av at ikkje alle krav om møte- og reisegodtgjerdsle er kome inn, og av at ein ikkje har vore på synfaring/tur i 2017.

Verneområdestyret fekk 80.000 til skjøtselsplanarbeid, og av desse er det brukt om lag 21.000. Det er ein del arbeid som står att i 2018, kostnaden på dette er grovt estimert til dei resterande om lag 60.000 som står att på denne budsjettposten.

ST 24/2017 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestilling av tiltaksmidler og ressursar for 2018

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre bestiller/søker om tiltaksmidler for 2018 etter følgjande liste og prioritering:

Prioritering	Tiltak	Skildring	Sum
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med støtte til fleirårig skjøtelsplan. Slått på Arnestastøylen.	10 000
2	Skjøtelstiltak jamfør skjøtelsplanar for støylane	Støtte skjøtselstiltak på Fitjestøylen, Arnestadstøylen og Dalsbøen som vert føreslegne i skjøtelsplan	30 000
3	Stitiltak Arnestadstøylen	Følgje opp fleirårig tiltaksplan for stien 2016-2018. Siste året no.	24 000
4	Geitabykset	Gjere ferdig utbygginga av trapper opp Geitabykset på stien til Ryssdalshornet. Montere trapper i terrenget.	250 000
5	Stien til Byrkjeneset	Jobbe vidare med klopplegging forbi Barnegrava og innover myrane mot Byrkjeneset. Enkel jobb, men krev mykje tid og pengar.	200 000
6	Bru på Byrkjeneset	Bygge nye fundament til brua som går over Byrkjeneselva, samt forsterke brua.	50 000
7	Utbetring av stien gjennom Ura ved Storevatnet	Endre på steintrapper som sherpa-arbeidarar bygde i 2011. Storfe vil ikkje gå på steintrapper. Bytte ut med grus. Må fly inn grus.	120 000
		Totalt	684 000

ST 25/2017 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 19.12.2017

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender brev til Miljødirektoratet gjeldande vurderingane som er gjort i klagesaka om gjetarhytte i Risbotnen.